
Fra: j.h.undlien@iln.uio.no [mailto:j.h.undlien@iln.uio.no]

Sendt: 18. september 2012 12:23

Til: Postmottak KUD

Emne: Dykkar referanse: 2009/0739: Høyringsbrev om utkast til reglar om fullmakter og behandlingssedyre i rettskrivingssaker

Høyringsfråsegn om

Utkast til reglar om fullmakter og behandlingssedyre i rettskrivingssaker

frå Kulturdepartementet, dagsett 25.06.2012, ref. 2009/00739

Høyringsinstans:

Institutt for lingvistiske og nordiske studium, Universitetet i Oslo

Innleiing

Universitetet i Oslo har bidrege med fagkunnskap og vitenskaplege medarbeidarar i offisielle rettskrivingskomitear og dei faste språkorgana Norsk språknemnd og Norsk språkråd sidan byrjinga av 1900-talet. I dei faste språkorgana har representasjonen frå Universitetet i Oslo vore forvalta av fagmiljøet for nordisk språk og litteratur, som no er ein del av Institutt for lingvistiske og nordiske studium (ILN). Det har gjort at dei nasjonale, vitenskaplege språksamlingane på UiO også har vore ein sjølvsgd del av materialgrunnlaget for normeringa og den språklege rettleiinga til dei offisielle språkorgana. Særskilt må framhevast samarbeidsprosjektet mellom Norsk språkråd og UiO som resulterte i dei to eittbands allmennordbøkene *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka*. I tillegg til ei tydingsbeskriving av det sentrale norske ordtilfanget, syner dei den formelle statusen av offisiell norsk i rettskriving og formverk kvar si målform, også fritt tilgjengeleg på Internett.

ILN ønskjer at dei vitenskaplege språksamlingane med ordarkiv og tekstkorpus saman med den faglege kompetansen ved instituttet også i framtida skal spele ei sentral rolle i norsk offentleg språkplanlegging på områda for rettskrivingsnormering og adekvat språkleg praksis i samarbeid med Språkrådet. I den samanhengen kjem vi med nokre merknader til punkt 5 i høyringsnotatet: "Forslag til endringar i vedtektene for Språkrådet".

Dei einskilde merknadene

Til "Ny § 3 Særskilde fullmakter"

Første leddet

Første leddet seier at Språkrådet kan gjere bindande normeringsvedtak "når språkutviklinga tilseier det". Korkje her eller i notatet elles er det peikt på kva som skal vere referanse- og dokumentasjonsgrunnlag for slike normeringsvedtak. Vi gjer difor framlegg om at det til heile bolken vert lagt til ei avsluttande setning:

"Vedtak og rettleiing skal byggja på dokumentasjon frå vitskaplege tekstkorpus og språksamlingar."

Andre leddet

Her gjeld det godkjenning av ordlister og ordbøker. Det bør presiserast at det gjeld både papirutgåver og elektroniske utgåver; jamfør at kontroll og godkjenning av både papirbaserte og elektroniske ordlister og ordbøker er ein del av mandatet til Fagråd for normering og språkobservasjon.

Fjerde (og siste) leddet

Dette leddet gjeld rettleiing om valfridom mellom jamstelte former. Formuleringa om at Språkrådet kan utarbeide materiell "*som er tilpassa behovet innanfor dei respektive målformene*" er særskilt kryptisk og bør gå ut, så lenge ikkje noko slikt "behov" er spesifisert. Styret i Språkrådet gjekk i 2011 inn for å utarbeide ei "tilrådd norm" innanfor den nye rettskrivinga i nynorsk. Det vart av mange oppfatta som at to-nivå-systemet i normeringa skulle førast inn att bakvegen etter at både departementet og Språkrådet uttrykkjeleg har vedteke å gå bort frå eit slikt system. Det vil vere uheldig om ei formulering som den siterte blir oppfatta som at ein opnar for eit slikt tiltak. Dessutan kan ein godt tenkje seg at eit tilsvarande initiativ i framtida kan takast også innanfor bokmål. Etter vårt syn bør rettleiing i bruk av valfridommen primært innrettast på brukarane sitt behov, slik at dei som ønskjer å skrive "tradisjonelt" innanfor vanlege konvensjonar, får rettleiing i kva former som da høver best, mens dei som ønskjer å leggje

språket sitt opp mot austlandsk eller ”urbant” talemål, kan få rettleiing i det – basert på dei formene og formsamansetningane som er vanlege i faktisk språkbruk. Dei som ønskjer å bryte med konvensjonane gjennom eit meir personleg formval innanfor rettskrivinga, bør få rettleiing som gjer dei medvitne om at det er det dei gjer. Slik rettleiing kan vere viktig andsynes språkbrukarar som har mindre skriverøynsle, eller som ikkje har norsk som morsmål. Derfor foreslår vi denne ordlegginga:

”Som eit tilbod til språkbrukarar som ønskjer hjelp til å finna fram i valfridommen i rettskrivinga, kan Språkrådet i høveleg form utarbeida rådgjevande informasjons- og rettleiingsmateriell som er tilpassa ulike behov hos spørjarane.”

Til ny § 5, første ledd, første setning:

Vi foreslår: *”Styret kan oppnemna inntil fire fagråd.”* Det betyr, etter det vi skjønar, at eksisterande praksis blir vedtektsfesta, og det meiner vi vil vere ein fordel.

Til "ny § 5 ... tredje ledd"

Det er rimeleg at fagrådet som behandlar rettskrivingsspørsmål får ei særstode mellom fagråda slik at det språkspesifikke oppdraget også blir uttrykt i organiseringa. I det noverande fagrådet er det teke tilbørlig omsyn til fordelinga mellom målformene. For å sikre den faglege legitimiteten til framlegga frå dette fagorganet, må det stillast krav til språkvitskapleg kompetanse minst på doktorgradsnivå til eit fleirtal av medlemmene innanfor begge målform-gruppene.

Sluttord

Vi takkar for høvet til å uttale oss om høyringsnotatet som gjeld reglar om fullmakter og behandlingsprosedyre i rettskrivingssaker, og vonar at merknadene kan medverke til eit sikrere grunnlag for det offentlege arbeidet med språkkulturen i Noreg.

Med venleg helsing

Bente Christensen

Instituttleiar

Jan Halvor Undlien
Administrativ leiar